

Utval: **Fylkeseldrerådet i Hordaland**
Møtestad: Fylkesutvalssalen, Fylkeshuset
Dato: 06.02.2014
Tidspunkt: 10:15-15:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|-----------------------|----------|---------------|
| Margot Bertheussen | LEDER | PF |
| Kåre Ystanes | NESTL | PF |
| Monrad Reigstad | MEDL | PF |
| Anne-Karin Davidsen | MEDL | LOP |
| Arne Gunnar Trædal | MEDL | FSF |
| Jette Lunemann Hansen | MEDL | A |
| Dagfinn Vik | MEDL | FRP |

Frå administrasjonen møtte:

| Namn | Stilling |
|--------------|-----------------------------|
| Ingeborg | Rådgjevar |
| Borgen Takle | |
| Eva Kvamme | Spesialrådgjevar, Tannhelse |

Sakliste

| Utvale-saknr | Innhald | Arkiv-saknr | U.Off. |
|--------------|---|-------------|--------|
| PS 1/14 | Godkjenning av møteinnkalling | | |
| PS 2/14 | Godkjenning av møtebok forrige møte | | |
| PS 3/14 | Godkjenning av sakliste | | |
| PS 4/14 | Referatsak (meldingar) | | |
| PS 5/14 | Ymse | | |
| RS 1/14 | Møtebok Fylkeseldrerådet 07.11.2013 | 2014/557 | |
| RS 2/14 | Reklamefinansiert kollektivtransport - sak til uttale | 2014/1328 | |
| RS 3/14 | Uttale til Trafikksikringsplanen frå Fylkeseldrerådet | 2014/557 | |
| RS 4/14 | Referat Fylkeseldrerådet - arbeidsutval 17.01.2014 | 2014/557 | |
| RS 5/14 | Uttale til Regional folkehelseplan frå Fylkeseldrerådet | 2014/557 | |

| | | |
|---------|--------------------------------------|----------|
| RS 6/14 | Budsjett 2014 for Fylkeseldrerådet | 2014/557 |
| PS 6/14 | Årsmelding 2013 frå Fylkeseldrerådet | 2014/557 |
| PS 7/14 | Mandat Fylkeseldrerådet | 2014/557 |
| PS 8/14 | Studietur til Island | 2014/557 |

PS 1/14 Godkjenning av møteinkalling

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 06.02.2014

Innkalling og sakspapir skal verte sendt ut i A-post til alle politiske utval og råd som får sakane i papir. Til dette møtet vart dei sendt ut i B-post, som førte til at nokre medlemmar fekk sakane så seint som dagen før møtet.

Vedtak

Fylkeseldrerådet ber administrasjonen sjå til at sakspapira vert sendt ut i A-post.

Fylkeseldrerådet godkjente møteinkalling a.

PS 2/14 Godkjenning av møtebok forrige møte

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 06.02.2014

Vedtak

Under sak 23/13 frå førre møtet ønskjer fylkeseldrerådet å understreke at teksten er ein uttale frå Fylkeseldrerådet til fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett 2014.

Fylkeseldrerådet godkjente møteboka frå 07.11.2013.

PS 3/14 Godkjenning av sakliste

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 06.02.2014

Leiar Margot Bertheussen sette fram slikt forslag:

«Saka PS 5/14 Ymse vert flytta etter sak PS 8/14 Studietur til Island. PS 4/14 Referatsak (meldingar), med tilhøyrande RS-sakar vert flytta sist i sakslista. Fylkeseldrerådet ønskjer at saka Ymse alltid vert satt sist av dei politiske sakane og at Referatsakane kjem sist i sakslista.»

Røysting

Bertheussen sitt forslag vart samråysta vedteken

Vedtak

Fylkeseldrerådet godkjente sakslista med slik endring:

Saka PS 5/14 Ymse vert flytta etter sak PS 8/14 Studietur til Island. PS 4/14 Referatsak

(meldingar), med tilhøyrande RS-sakar vert flytta sist i sakslista. Fylkeseldrerådet ønskjer at saka Ymse alltid vert satt sist av dei politiske sakane og at Referatsakane kjem sist i sakslista.

PS 4/14 Referatsak (meldingar)

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 06.02.2014

Vedtak

Fylkeseldrerådet tek referatsakane til orientering.

PS 5/14 Ymse

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 06.02.2014

Eva Kvamme, Tannhelse, vitja Fylkeseldrerådet for å fremja ein utfordring i samband med å nå eldre med budskap om tannhelse. Ho ønskja tilbakemelding frå rådet om tips til konkrete tiltak, samt om innspel til kva gruppe ein skal fokusere på.

Vedtak

Fylkeseldrerådet tek informasjonen som ein orientering.

RS 1/14 Møtebok Fylkeseldrerådet 07.11.2013

RS 2/14 Reklamefinansiert kollektivtransport - sak til uttale

RS 3/14 Uttale til Trafikksikringsplanen frå Fylkeseldrerådet

RS 4/14 Referat Fylkeseldrerådet - arbeidsutval 17.01.2014

RS 5/14 Uttale til Regional folkehelseplan frå Fylkeseldrerådet

RS 6/14 Budsjett 2014 for Fylkeseldrerådet

PS 6/14 Årsmelding 2013 frå Fylkeseldrerådet

Forslag til avgjerd

Fylkeseldrerådet vedtek årsmeldinga for 2013 slik den føreligg og ber om at den vert vidaresendt til fylkestinget.

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 06.02.2014

Ved gjennomgang vart nokre skrivefeil og anna påpekt. Dette vert retta opp. Bilete på framsida vert endra til eit bilete av ei fele frå fylkeskommunen si liste over bilerter.

Vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek årsmeldinga for 2013 slik den føreligg, med endringar av skrivefeil og framsida, og ber om at den vert vidaresendt til fylkestinget.

PS 7/14 Mandat Fylkeseldrerådet

Forslag til avgjerd

Fylkeseldrerådet ønskjer å kome med følgjande endringar til mandatet til rådet slik det føreligg frå administrasjonen:

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 06.02.2014

Kåre Ystanes sette fram slikt forslag:

«Fylkeseldrerådet ynskjer å kome med følgjande endringar til mandatet til rådet slik det føreligg frå administrasjonen:

I tillegg til det som er nemnt under punkt 2. ynskjer fylkeseldrerådet at følgjande kjem i tillegg:

Rådet kan ta opp sakar som gjeld eldre i fylket.

Rådet kan samarbeide og ha kontakt med kommunale eldreråd og Statens seniorråd.

Rådet kan samarbeide med andre organisasjoner.

Under punkt 4 ynskjer Fylkeseldrerådet å leggje til ordet høveleg, slik:
Fylkesrådmannen sytar for høveleg sekretariat for rådet.»

Røyting

Ystanes sitt forslag vart samrøysta vedteke.

Vedtak

Fylkeseldrerådet ynskjer å kome med følgjande endringar til mandatet til rådet slik det føreligg frå administrasjonen:

I tillegg til det som er nemnt under punkt 2. ynskjer fylkeseldrerådet at følgjande kjem i tillegg:

Rådet kan ta opp sakar som gjeld eldre i fylket.

Rådet kan samarbeide og ha kontakt med kommunale eldreråd og Statens seniorråd.

Rådet kan samarbeide med andre organisasjoner.

Under punkt 4 ynskjer Fylkeseldrerådet å leggje til ordet høveleg, slik:
Fylkesrådmannen sytar for høveleg sekretariat for rådet.

PS 8/14 Studietur til Island

Forslag til avgjerd

Fylkeseldrerådet stillar med følgjande medlemar på turen:

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 06.02.2014

Det siste programmet frå vert-fylket Sogn og Fjordane visar at det er lagt opp til dobbeltrom og at enkeltrom er mogleg å få for eit tillegg i prisen på 950 kr.

To lunsjar er og utanfor prisen som er lagt opp for reisa.

Vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek at dersom ein ønskjer å bo på enkeltrom må rådsmedlemen betale dette sjølv, samt at rådet vil betale for dei ekstra lunsjane.

Fylkeseldrerådet stillar fulltalig på turen.